



Selje kommune



# KOMMUNEDELPLAN

FOR

IDRETT

OG

FYSISK AKTIVITET

2018-2020

## INNHALD:

Innleiing	3
Areal- og økonomiplan	4
Definisjonar	4
Målsetting	5
Handlingsprogram strategi og tiltak	6 - 7
Resultatvurdering	8 - 9
Novurdering	10
Uprioritert liste over innspel/ ønskje	11

### Vedlegg

- Prioritert handlingsprogram for ordinære anlegg i Selje kommune 2018- 2020
- Prioritert handlingsprogram for nærmiljøanlegg og tiltak for fysisk aktivitet og friluftsliv i Selje kommune 2018 – 2020
- Spelemidlar, fristar og kontaktinformasjon i Selje kommune (nærmiljøanlegg, ordinære anlegg, friluftsliv og kulturbygg)



## INNLEIING

Selje kommune har gjennomført revisjon av Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse. Den førre planen vart revidert i 2011. I samband med revisjon no, har vi forenkla tittelen til «Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet». Prioritert handlingsprogram rullerast kvart år.

Kommunedelplanen skal vere eit styringsverktøy for satsinga på fysisk aktivitet i Selje kommune. For at planen skal få ein slik funksjon, må den vere ei rettesnor for planmessig og samordna tiltak og anleggsutbygging både for kommunen og for lag/ organisasjonar. Planen skal vere eit grunnlag for revisjon av kommunen sin arealdelplan og økonomiplan. I tillegg skal planen vere retningsgjevande for kommunen og fylkeskommunen ved prioriteringar av søknadar om offentleg støtte til gjennomføring av tiltak.

Kommunedelplanen skal vere med på å skape eit godt samarbeid og god informasjon mellom innbyggjarar, frivillige organisasjonar og kommunen.

Oppvekst ved driftsrådgjevar har hatt hovudansvar for revisjon av planen. Medlemmane i formannskapet er styringsgruppe for planarbeidet i Selje kommune. Arbeidsgruppa for revisjon av planen: Driftsrådgjevar, kulturmedarbeidar og deltakar frå planavdelinga. Kommunestyret er ansvarlege for å leie kommunedelplanarbeidet. Administrativt ansvar ligg hjå rådmann.

Det har vore invitert til to samarbeidsmøte med alle lag og organisasjonar som er relevante i høve kommunedelplanen. På møta deltok også Atle Skrede, Rådgjevar, Nærings- og kulturavdelinga Sogn og Fjordane fylkeskommune. Ingrid Narum, Plan- og utviklingsleiar, Sogn og Fjordane idrettskrins, Elisabeth Dahle, FNF Koordinator Forum for natur og friluftsliv og Anne Leversund frå idrettsforbundet deltok på eitt møte kvar.

## **AREAL- OG ØKONOMIPLAN**

Alt areal samt tiltak som blir omtala i denne planen under handlingsprogramma er sikra arealmessig avklaring i kommuneplanen sin arealdel. Aktuelle temakart vert å finne i arealdelen av kommuneplanen. Det er arealdelen som er det juridisk bindande dokument kva gjeld bruk av areal i kommunen.

I dialog med frivillige lag og organisasjonar går det fram at dei ynskjer kommunen meir delaktig i finansiering og vedlikehald av dei største anlegga i kommunen, samt at det må bli meir samsvar mellom satsingar i denne planen og økonomiplan for kommunen. Idrettslaga har gjort store investeringar i nye anlegg samt rehabilitering av eksisterande anlegg over fleire år. I tillegg er vedlikehaldsutgiftene aukande. Kommunen på si side har ikkje hatt økonomisk spelerom etter fleire år på ROBEK-lista.

I innspel til planen no ser idrettslaga på større anlegg som fleirbrukshall og symjehall (rehabilitering eller ny) som vanskeleg å få realisert, med mindre kommunen engasjerer seg og initierer anlegga. Formalisert partnerskap kan vere ei løysing for å få realisert prosjekta, som har vore viktig for kommunen i fleire planperiodar.

## **DEFINISJONAR**

Tiltak er skissert under handlingsprogrammet for tiltak.

Anlegg i denne planen er:

- Nærmiljøanlegg
- Ordinære anlegg

### **NÆRMILJØANLEGG**

Anlegg eller område tilrettelagd for utandørs, eigenorganisert fysisk aktivitet, hovudsakleg plassert i tilknytning til bu- og/eller aktivitetsområde. Anlegga eller områda skal vere fritt allment tilgjengelege for eigenorganisert fysisk aktivitet, primært for born og ungdom, men også for lokalbefolkninga elles. Det er eit krav at nærmiljøanlegga skal vere universelt utforma og opne for alle brukarar.

Nærmiljøanlegg med kostnadsramme under kr. 600 000 treng ikkje vere med i handlingsprogrammet som vert vedteke av kommunestyret. Desse anlegga kan takast inn ved den årlege rulleringa. Søknad kan sendast heile året, og det er kort sakshandsamingstid. Søknad skal sendast på same måte som andre søknadar om spelemidlar, via kommunen til fylkeskommunen.

### **ORDINÆRE ANLEGG**

Ordinære anlegg vil seie anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet og eigenorganisert fysisk aktivitet. Det kan søkast om tilskot til bygging og/ eller rehabilitering av idrettsanlegg som er opne for allmenn idrettsleg verksemd, og som ikkje er underlagt fortjenestebaserte eigarformer. Planar for anlegg med rett til tilskot må på førehand ha fått ei idrettsfunksjonell godkjenning.

## MÅLSETTING

Visjonen til Sogn og Fjordane fylkeskommune: **Fysisk aktivitet for alle**

«Det er viktig at så mange som mogeleg har ei positiv oppleving av eige liv og helse. Regionen vår har behov for at flest mogeleg bidreg i samfunnsutviklinga, og at færrest mogeleg treng hjelp for å meistre kvardagen. Fysisk aktivitet bidreg til dette og gjev auka livskvalitet.» (Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019)

For Selje kommune vil vi konkretisere måla slik:

- ➔ Alle under 18 år i Selje kommune er fysisk aktive minimum 60 minutt kvar dag.
- ➔ Alle over 18 år i Selje kommune er fysisk aktive minimum 30 minutt kvar dag.
- ➔ Alle som bidreg til å gjere andre fysisk aktive, har god kunnskap om motivasjon og det å vere aktiv.
- ➔ Innbyggjarane i Selje kommune skal vere symjedyktige.
- ➔ Alle skal kunne finne fram og få glede av friluftslivet i Selje kommune.



## HANDLINGSPROGRAM STRATEGI OG TILTAK

MÅL	STRATEGI	ANSVARLEG	TID
<p><b>Alle under 18 år i Selje kommune er fysisk aktive minimum 60 minutt kvar dag.</b></p>	Inne- og uteområda i barnehagane og skulane våre legg til rette for varierte fysiske og motoriske utfordringar kvar dag.	Styrrar og rektor	Planperioden
	ASK i skulane (Active Smarter Kids) i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane	Rektor og lærar	Planperioden
	Idrettsdag i skulen og i barnehagen i samarbeid med foreldre og idrettslag.	Styrrar og rektor	Planperioden
	Planfesta tur dagar/ fjellturar/ uteskule	Rektor	Planperioden
	Tinestafett	Rektor	Årleg om våren
	Skulejoggen	Rektor	Årleg om hausten
	Alle barn skal ha minst ei uteøkt kvar skule- og barnehagedag.	Styrrar og rektor	Dagleg i planperioden
	Det er til vanleg digitalfrie pausar i skulane våre.	Rektor og elevråd	Dagleg i planperioden
	Skulane tilbyr valfaget: <i>Fysisk aktivitet og helse</i>	Rektor og rådgjevar på ungdomsskulane	Planperioden
	Bruke nærmiljøanlegga, t.d. turløype, akebakke, klatrepark, ballbinge i samarbeid med foreldre, lag og organisasjonar.	Styrrar og rektor	Planperioden
	Rettleie og gje informasjon om fysisk aktivitet og kosthald.	Helsestasjonen	Planperioden
	Ungdom får tilbod om: Spinning, zumba, basisball, herre- og dametrim, yoga, surfing, fotball, skate, turn, dans, skyting, golf.	Lag og organisasjonar	Planperioden
	Gratis gymsalar til organisert aktivitet.	Kommunestyret	
	Arbeide for gode kommunikasjonar mellom bygdene.	Kommunestyret	
Lokale transportmidlar for ungdom (LTU)	Ungdomsrådet		
6			

MÅL	STRATEGI	ANSVARLEG	TID
<b>Alle over 18 år i Selje kommune er fysisk aktive minimum 30 minutt kvar dag.</b>	Halde ved like turvegar og turstiar – trimløyper.	Lag og organisasjonar	Planperioden
	Vaksne får tilbod om, t.d. spinning, zumba, basisball, herre- og dametrim, yoga, surfing, skate, golf, fotball, dans	Lag og organisasjonar	Planperioden
	Gratis gymsalar til organisert aktivitet.	Kommunestyret	
	Arbeide for gode kommunikasjonar mellom bygdene.	Kommunestyret	
<b>Alle som bidreg til å gjere andre fysisk aktive, har god kunnskap om det å vere aktiv og motivasjon.</b>	Kurs og samlingar for aktivitetsleiarar i samarbeid med SFJ idrettskrins.	Lag og organisasjonar	Planperioden
	Kompetanseheving for personalet i skule og barnehage.	«Smale kurs» i Nordfjordregionen	
	Aktivitestar som ivaretek aktivitetsglede!	Aktivitetsleiarane	
<b>Alle skal kunne finne fram og få glede av friluftslivet i Selje kommune.</b>	Turkart Organiserte turar/ familieturar GPS-merka løyper	Lag og organisasjonar	Planperioden

MÅL	TILTAK	ANSVARLEG	TID
<b>Innbyggjarane i Selje kommune skal vere symjedyktige.</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Barn skal vere trygge i vatn før dei tek til i grunnskulen.</li> <li>Elevane skal nå kompetansemåla i læreplanen.</li> </ul>	Tilgang på basseng.  God symjeopplæring i havet og i bassenget.	Kommunestyret	Planperioden
<b>MÅL</b>	<b>TILTAK</b>	<b>ANSVARLEG</b>	<b>TID</b>
<b>Alle over 18 år i Selje kommune er fysisk aktive minimum 30 minutt kvar dag.</b>  <b>Alle under 18 år i Selje kommune er fysisk aktive minimum 60 minutt kvar dag.</b>	Utvikle nærmiljøanlegga og etablere nye, t.d.: <ul style="list-style-type: none"> <li>Turvegar, -stiar</li> <li>Trimløyper</li> <li>Lys</li> <li>Trimapparat</li> </ul>	Idrettslaga	Planperioden
	Fleirbrukshall i Selje sentrum	Kommunestyret	Planperioden

## RESULTATVURDERING

Måloppnåing i høve førre planperiode er noko variabel. Det er framleis slik at planen vert lite nytta som styringsdokument, med unntak av «Prioritert handlingsprogram for anlegg og aktivitet i Selje kommune». Selje kommune har ikkje betra idrettslaga sine rammevilkår, mellom anna gjennom kommunal økonomisk medverknad ved utbygging av anlegg i regi av lag og foreiningar. Kommunen er i lita grad eit serviceorgan for dei frivillige organisasjonane. Dei overordna måla i førre plan var for ambisiøse. Frivillige lag og organisasjonar har jobba godt, og vi er heilt avhengige av engasjement og motivasjon frå frivillige for å kunne utvikle kommunen vår vidare.

OVERSIKT SØKNADAR OG TILDELINGAR 2008-2011		
TILTAK	SØKJAR	HANDSAMING SØKNADAR
<b>2008</b>		
Selje idrettspark – kunstgrasbane m flomlys 2. utbetaling	Selje IL	Sluttutbetaling
Stadlandet stadion - kunstgrasbane	Stadlandet IL	Avslag
Rehabilitering ballskur/ reiskapshus	Flatraket IL	Avslag
Nyanlegg aktivitetshus/ klubbhus	Selje IL	Avslag
Nordsjøløypa: Selja	Selje kommune	Tildelt
<b>2009</b>		
Kunstgrasbane Stadlandet stadion	Stadlandet IL	Avslag
Rehabilitering ballskur/ reiskapshus	Flatraket IL	Avslag
Klubbhus	Selje IL	Avslag
Klubblokale	Stadlandet IL	Avslag
Nordsjøløypa: Dragseidvegen	Selje kommune	Tildelt
Tursti – trapp Risnakken	Selje IL	Tildelt
<b>2010</b>		
Kunstgrasbane Stadlandet stadion	Stadlandet IL	Delutbetaling
Rehabilitering ballskur/ reiskapshus	Flatraket IL	Tildelt
Klubbhus	Selje IL	Avslag
Klubblokale	Stadlandet IL	Avslag
<b>2011</b>		
Kunstgrasbane Stadlandet stadion	Stadlandet IL	Sluttutbetaling
Klubbhus	Selje IL	Avslag
Klubblokale	Stadlandet IL	Avslag





<b>OVERSIKT SØKNADAR OG TILDELINGAR 2012-2015</b>		
<b>TILTAK</b>	<b>SØKJAR</b>	<b>HANDSAMING SØKNADAR</b>
<b>2012</b>		
Klubbhus	Selje IL	Tildelt
Garasje/ lager klubbhus, byggesteg 2	Selje IL	Avslag
Grusbane til kunstgras 7-ar	Selje IL	Avslag
Klubblokale, Stadlandet stadion	Stadlandet IL	Avslag
<b>2013</b>		
Klubblokale, Stadlandet stadion	Stadlandet IL	Tildelt
Garasje/ lager klubbhus, byggesteg 2	Selje IL	Avslag
Grusbane til kunstgras 7-ar	Selje IL	Avslag
Rehabilitering kunstgrasbane, Selje idrettspark	Selje IL	Avslag
<b>2014</b>		
Rehabilitering kunstgrasbane, Selje idrettspark	Selje IL	Tildelt (sturt av fylkesplan)
Garasje/ lager klubbhus, byggesteg 2	Selje IL	Avslag
<b>2015</b>		
Klatrepark	Selje IL	Tildelt
Rehabilitering ballbinge	Selje IL	Tildelt
<b>2016</b>		
Rehabilitering ballbinge	Stadlandet IL	Tildelt
Rehabilitering ballbinge	Flatraket IL	Avslag (muleg tildeling i desember, ekstra midlar disponibelt frå fylket)

## NOVURDERING

Selje kommune har aktive idrettslag som gjennom bygging av nye anlegg og godt vedlikehald av eksisterande anlegg, gir innbyggjarane gode trenings- og aktivitetsmulegheiter. Det er og mange andre lag, organisasjonar og eldsjeler som skaper aktivitet og trivsel gjennom arrangement og tilbod til innbyggjarar i alle aldrar, t.d. turn, yoga, ballett, turløyper, spinning, basisball, zumba, fotball, dans.

Selje kommune har aktivitetsutstyr til utleige. Private kan leige terrengsyklar, SUP-brett, rullleski, slakkline, truger, lavo, bålstativ og kajakkar. Lokale lag, organisasjonar, skulane og barnehagane får no låne dette utstyret gratis til sine arrangement. Aktivitetsutstyret til Selje kommune er i tipp topp stand og blir leigd ut rimeleg. Vi legg såleis til rette for at alle skal kunne få ei god oppleving med aktivitet ute i naturen.

Nærmast alle tiltaka skisserte i «handlingsplan tiltak» er etablerte i dag.

Selje er ei MOT-kommune. MOT er ein haldningsskapande organisasjon som jobbar for og med ungdom. MOT sitt mål er å bidra til robuste ungdomar og trygge ungdomsmiljø. Gjennom ung til ung-formidling, øvingar, historier, dialog og rollespel bevisstgjer vi ungdom til å ta egne val, ta vare på kvarandre og vise mot.

Idretten har også sterkt fokus og samarbeid med FairPlay.

Dette er viktig i forhold til folkehelsearbeidet knytt til ungdom i Selje kommune.

Mykje av aktiviteten i Selje kommune går føre seg i tilknytning til lokale kulturbygg. I kommuna har vi heile 22 kulturbygg/tidlegare skulebygg. Det er ikkje fast aktivitet i alle desse, men i svært mange av dei er det ulike typar aktivitetar og arrangement som er viktige for trivselen til innbyggjarane våre. Mest utvikling og flest aktivitetstilbod finn vi i Ytre Stad Grendahus, Stadlandet grendahus og Selje samfunnshus.

## DAGSTURHYTTE

Selje kommune får levert dagsturhytte i juni 2018. Kommuna har utgifter knytt til grunnarbeid og oppfølging av prosjektet, der sjølve hytta er finansiert av Sparebankstiftinga og spelemidlar. Selje kommune søker om Dagsturhytte, og vert eigar av denne. Idrettsrådet har kome med tilråding på plassering, som vert Risnakken i Selje:



Med utgangspunkt i erfaringane frå siste planperiode og på bakgrunn av innspel til denne planrevisjonen, er behovet for nye anlegg:

Vedlikehald og vidareutvikling av nye turvegar og turstiar – trimløyper for alle med lys og trimapparat. Ein fleirbrukshall i Selje sentrum, og tilgang til symjebasseng.

Det må truleg byggjast ut straumforsyning til fleire av tiltaka våre. Fleirbrukshall/ idrettshall vil kanskje ha behov for ny nettstasjon. SFE Nett presiserer at det er viktig å ta kontakt i ei tidleg fase av ulike prosjekt, slik at ein kan samordne kabelgrøfter/ vegar.

#### **UPRIORITERT LISTE OVER LANGSIKTIGE BEHOV**

- \* Vintersportsaktivitetar på Sandvikseidet
- \* Klatrevegg i fjell
- \* Skileikanlegg i nedre Djupedalen
- \* Utandørs handballbane med fast dekke
- \* Motorsportsanlegg for sykkel i Djupedalen
- \* Kanalar for padling i Hamremyrane
- \* Storsalen Stadlandet Grendahus
- \* Uteområdet Nordstranda kulturhus
- \* Badeplattform, merking av badeplass Lynghaugsanden \* Skaterampe

#### **VEDLEGG**

- Prioritert handlingsprogram for ordinære anlegg i Selje kommune 2018-2020
- Prioritert handlingsprogram for nærmiljøanlegg og tiltak for fysisk aktivitet og friluftsliv i Selje kommune 2018 – 2020
- Spelemidlar, fristar og kontaktinformasjon i Selje kommune (nærmiljøanlegg, ordinære anlegg, friluftsliv og kulturbygg)